



Logoen er en kalligrafi av Marie Klever.  
Motivet er fra sagnet om Sigurd Fåvnesbane.



**Formål for Sauherad historielag:**

§ 1 Sauherad Historielag har som føremål å arbeide for interesse og forståing for kommunens historie frå fyrste tid til i dag.

§ 2 Inntil kultursoga for Sauherad er skriven, vil ein arbeide for eit best mogleg kjeldegrunnlag for denne, primært gjennom munnleg tradisjon

## ÅRSMELDING FOR 2019

### Styret og annen representasjon for 2019:

**I årsmøtet 19. februar 2019 på Akkerhaugen skole, blei desse valt:**

Eivind Lønheim (styreleiar), Birgit Norendal (sekretær), Ole Thor Ripegut, Peder Rekkedal, Toril Knutson og Kirsti Hegna.

Varamedlem: Nils Olav Haugen og Torstein Fosstveit (kasserar)

Revisorar: Gunhild Kleven Ripegut og Mona Slaaen

Valnemnd blei ikkje valt, og styret foreslår at dette kjem opp på årsmøtet i februar 2020.

Evju Bygdetun har ansvaret for Sauherad lokalhistoriske arkiv. Torstein Fosstveit og Eivind Lønheim er historielagets representantar til arbeidsgruppa som organiserer arbeidet med arkivet. Toril Knutson er kommunens representant i arbeidsgruppa.

Historielaget er medlem av Midt-Telemark Museum. Eivind Lønheim er historielagets representant i styret.

Historielaget er medlem av Landslaget for lokalhistorie.

Det viktigaste temaet på årsmøtet var prosjekt Kulturhistorie for Sauherad.

### Medlemmer og æresmedlemmer

Talet på medlemmer pr. 31.12.2019 er 96.

Historielaget har nå 1 æresmedlem: Bjørn Holta.

### Styrearbeid og saker:

Det har vore eit aktivt år med 5 styremøte med 38 saksnummer og elles mange møte i arbeidsgrupper og samarbeidsorgan.

### **Dei viktigaste sakene som historielaget arbeider med:**

#### ➤ **Kulturhistorie for Sauherad.**

Arbeidsgruppa har tett samarbeid med aktuelle forfattarar, og reknar med at alle avtaler blir signert i løpet av vinteren.

- I brosjyra for bokprosjektet som blei distribuert til alle husstandar i Sauherad hausten 2018, blei det opplyst at planen var utgjeving hausten 2020. For sikre at forfattarane får nok tid til å lage ei bok med høg kvalitet, legg vi nå opp til at boka blir ferdig i 2021.
- Som start på samarbeidet med aktuelle forfattar, arrangerte arbeidsgruppa seminar den 21. juni på Norsjø Hotell.
- Sauherad kommune har utbetalt beløpet på kr. 500.000 som blei løyvd til bokprosjektet. Arbeidsgruppa arbeider vidare med fullfinansiering av boka.

#### ➤ **Verneplanen for kyrkjegardane.** Som følge av kommunesamanslåinga og mykje ekstra arbeid for sokneråda, har arbeidet med verneplanen blitt satt litt på vent.

- Sauherad Historielag vil arbeide for fullføring i 2020.

#### ➤ **Bratsbergbanen 100 år.** 9. februar 1920 kom kong Haakon VII til Skien saman med regjering og Stortingets presidentskap for den offisielle opninga av Bratsbergbanen.

- Saman med Skien Historielag, arrangerer Sauherad Historielag jubileumstur med Bratsbergbanen mandag 10 februar 2020.
- Sauherad Historielag tok initiativ til bok om Bratsbergbanen i 2017, og samla inn tilskot på kr. 60.000 til

trykking av boka frå kommunar og Norsk Jernbanemuseum. På grunn av alt arbeidet med kulturhistoria om Sauherad, blei det gjort avtale med Helge Songe om at han tok heile ansvaret for bokprosjektet. Under jubileumsturen blir boka lansert

- **Sauherad-kalenderen** er eit samarbeid med Nes og Saude Bygdetunlag og blir trykt i 500 eksemplar.
- **Oppdatering av boka om Narekollen** Harald Aase har skrive mesteparten av teksten. Øystein Wendelborg er redaktør for boknemnda. Øvrig stoff blir skaffa av bokkomitéen.
- **Bø Blad.** På vegne av Sauherad Historielag skriv Torstein Fosstveit innlegg om kulturhistoriske tema i Bø Blad ein gong i månaden.
- **Arrangement der Sauherad Historielag har hatt ei rolle.**
  - Boka om Murukleiven blei presentert av forfatter Ove Eriksen 5 februar på Idunshall.
  - Kyrkjevandringar hausten 2019 i Bø, Nes og Sauherad. Samarbeid med organisasjonane i Midt-Telemark Museum.
  - Norsk Eplefest – Informasjon og sal bøker
  - Hjuksebø 6 oktober ved Nils Angard
  - Lokale juletradisjonar 21. november ved Herleik Baklid på Kjernehuset.
- **Kulturhistorisk skilting og informasjonstavler.**
  - Saman med kyrkjevevja, har Sauherad Historielag laga informasjonstavle om Bloms Løkke ved Sauherad kyrkje. Tavla blei satt opp 29 april 2019.
  - Informasjonstavlene har halvparten av kommunevåpenet med «Gullepletreet» som «logo» og ønsker «Velkommen til Frukthøgda».
- **Nettsider og Facebook.** Sauherad Historielag har nettside med informasjon om ulike kulturhistoriske emne. I tillegg er det fleire sider på Facebook som blir bruka for å informere om kulturminne og

kulturhistoriske tema i Sauherad og Midt-Telemark.

- **Midt-Telemark Museum** er etablert av Bø Museum, Bø Prestegard, Evju Bygdetun, Hørte Dampfarveri og Sauherad Historielag.
  - Formålet er å styrke arbeidet for å ta vare på og formidle kulturarven i vår del av Telemark.
- **Arealplan for Midt-Telemark kommune.** Styret i Midt-Telemark Museum har sendt innspel til arbeidet med ny arealplan om å sikre at element frå Kulturminneplanen blir teke omsyn til i planarbeidet.
- **Økonomien i Sauherad Historielag** er god, og regnskapet syner nå ein spesiell god situasjon ettersom Sauherad kommune har utbetalt tilskotet på kr. 500.000 til prosjekt kulturhistorie for Sauherad.

Styret vil takke for godt samarbeid med medlemmene, andre interesserte og organisasjonar vi har aktiviteter saman med.

Gvarv, 30. januar 2020

*Eivind Lønheim, Birgit Norendal, Ole Thor Ripegut, , Peder Rekkedal, Toril Knutson og Kirsti Hegna*

Sign.